



# Nyskapande aktivitetsanlegg

Prosjektskisse 2020 – 2025

OPPDATERT FEBRUAR 2023

# Innhald

Bakgrunn .....	2
Planforankring .....	2
Prosjektrammer .....	3
Samarbeid .....	3
Forsking og utvikling .....	3
Mål .....	4
Innsatsområde .....	4
Kompetanse .....	5
Kommunikasjon .....	5
Økonomi .....	5
Prosjektprosessen .....	6
Kartlegging og medverknad .....	6
Kunnskap og trendar .....	6
Sentrale spørsmål .....	6
Organisering .....	7
Rolleavklaring .....	7
Styringsgruppe .....	7
Lokal organisering .....	7
Årshjul 2020 – 2025 .....	8

## **Nyskapande aktivitetsanlegg**

Vestland fylkeskommune ynskjer å utvikle anlegg og uteområde som er nyskapande og inspirerande på tvers av aktivitetar og idrettar.

Anlegga skal vere eit resultat av reelle behov og problemstillingar i lokalmiljøa gjennom grundig kunnskapsgrunnlag, medverknad og berekraftige løysingar.

# Bakgrunn

Bakgrunn for prosjektet kjem frå to perspektiv:

- I. Vestland fylkeskommune (VLFK) skal bidra til å oppfylle FN sine berekraftmål. For seksjon Fysisk aktivitet og inkludering må anleggsutvikling vere økonomisk, sosialt og miljømessig berekraftig
- II. Kunnskapsbasert arbeid er strategisk utvikling av VLFK som organisasjon

VLFK ynskjer å bidra til fysisk aktiv kvar dag for alle. I takt med endra behov og aktivitetstrendar anerkjenner VLFK at det bør leggast betre til rette for andre typar anlegg enn dei tradisjonelle idrettsanlegga. I 2022 fordeler VLFK nesten 250 mill. NOK i spelemidlar til anlegg som legg grunnlag for aktive nærmiljø, frivillige organisasjonar, friluftsliv og idrettslag. Samstundes må ein erkjenne at det er usikkert om VLFK byggjer anlegg for dei mange eller få. Trass god dekninga av idrettsanlegg i Vestland er mange barn og unge for lite fysisk aktive og/eller deltek ikkje i idrett. Ei utfordring i dag er at idrett- og aktivitetsanlegg blir bygd og gjennomført med avgrensa prosessar for behov, medverknad eller kopling til gjeldande lokale problemstillingar.

For å imøtekomme nokre av desse utfordringane har VLFK sidan 2019 vore pådrivar for eit nasjonalt pilotarbeid der ein vektlegg grundig kunnskapsgrunnlag og brei medverknad for å bygge dei riktige anlegga gjennom prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg.

## Planforankring

I 2019 kom regjeringa med ein oppdatering av nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet; *Sammen om aktive liv*. Handlingsplanen skal bidra til å nå folkehelsemål og ei meir aktiv befolkning med betre tilrettelegging for fysisk aktivitet. Eitt av hovudmåla i handlingsplanen er eit aktivitetsvenleg samfunn der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn har moglegheit til rørsle og fysisk aktivitet. For å oppnå dette er fem innsatsområder prioriterte. Prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg treff fire av fem innsatsområde i handlingsplanen; *Aktivitetsvenlege nærmiljø, Fritidsarenaer, Kvardagsarenaer, Kunnskapsutvikling og innovasjon*.

Regionalt er prosjektet forankra i *Anleggspolitikkk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024*. Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen om ein «fysisk aktiv kvar dag» for folk i Vestland der innbyggjarane sitt behov for aktivitet ligg til grunn for kva anlegg som skal byggast. I *Anleggspolitikkk* er Nyskapande aktivitetsanlegg ein del av eitt av dei konkrete tiltaka, men prosjektet er også kopla til tiltak 1 om at «*Regional og kommunal planlegging skal legge til rette for at areal, infrastruktur og anlegg gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet*». Tiltak 1 er også knytt til nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet.

Nyskapande aktivitetsanlegg er også forankra i dei regionale kulturplanane frå dei tidlegare fylka. Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) viser til at dei fleste delar av kulturlivet er avhengig av gode arena. Vidare må arena vere grunngeve i lokale behov, og skal bidra til

at folk møtast i lokalsamfunna og fremjar trivsel, kulturell og sosial utvikling og deltaking. I Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane (2019-2027) viser til at fylkeskommunen har verkemiddel som kan differensiere aktivitetstilbodet for å engasjere fleire. I planlegging og utvikling av anlegg må alle ha like førsetnader å delta og ha eit sterkt fokus på allsidigheit og universell utforming og breidde når det gjeld typar anlegg og å sikre brukarmedverknad. Satsingane blir vidareført i ny regional plan for kultur, som skal vedtakast i 2023.

## Prosjektrammer

### Samarbeid

Prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg har vore inspirert av arbeidet til Lokale og Anlægsfonden (LoA) i Danmark. LoA jobbar med å skape framtidens møteplassar gjennom å møte lokale behov og tilpasse anleggsutvikling som resultat av endra aktivitetsmønster i samfunnet. LoA rådgir og utviklar bygg og fasilitetar innan idrett, friluftsliv og kulturliv og har i ei årrekke bidratt til nytenking og utvikling av bygg og uteområde med arkitektonisk og funksjonell kvalitet. Rådgjeving, forskning og kunnskapsbaserte løysingar er ein stor del av LoA sitt arbeid. Prosjekta til LoA har ført arkitektar og planleggarar tettare saman med idrettslag og kommunar gjennom tverrfaglege og kreative behov- og medverknadsprosessar.

LoA har i ei årrekke vore ein god samarbeidspart for fylkeskommunen. Det har vore fleire konferansar og studieturar der kommunane har vore med til Danmark eller LoA har vore i Vestland og hatt innlegg til inspirasjon. Kommunane i Vestland har lenge vist interesse for arbeidet som vert gjort i Danmark knytt til innovativ anleggsutvikling. Det vart difor inngått ein intensjonsavtale med LoA for å utvikle prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg. Samarbeidet mellom LoA og VLFK vart gjennom hausten 2019 formalisert gjennom arbeidet med dei fire pilotprosjekta i Fase 1. Særleg har idrettsrådskonferansen vist at det er eit ynskje i kommunane og idretten at VLFK skal løfte fram denne modellen frå Danmark. Kommunar viser stor interesse for prosjektprosessen, og gjennom dette prosjektet håpar vi å kunne auke kompetansen både i VLFK, kommunane, idretten og hjå arkitektkontor. For å sikre breidda i samarbeidet, har VLFK i tillegg oppretta samarbeid med Vestland idrettskrets, Tverga og fleire andre aktørar både i høve arkitektkompetanse, finansiering og forskning.

### Forsking og utvikling

VLFK skal dokumentere og formidle kunnskap og erfaring frå heile prosjektperioden. Ansvar for dette ligg til alle aktørane i prosessen, både kommunen, arbeidsgruppene, arkitektar og fylkeskommunen. I samarbeid med kommunane har vi laga rutinar for korleis dette arbeidet skal gjerast. Dette samarbeidet vil bli vidareført gjennom heile prosjektperioden. Arkitektane som jobbar med dei ulike fasane skal levere dokumentasjon som del av oppdraget. Arbeidet som skjer i kommunane gjennom desse prosessane skal gje andre kommunar nyttig grunnlag i arbeid med eigne prosjekt. Dette skal samanstillast i ein rapport som skal vere tilgjengeleg for andre. Erfaringane kjem seinare prosjekt til gode.

Prosjektet skal evaluerast i samarbeid med FoU-miljø ved blant anna Høgskulen på Vestlandet og Idrettsklyngje Vest. Føremålet med evalueringa er å dokumentere kunnskap og

erfaringar frå prosjektprosessen, utvikling av anlegga og korleis ferdigstilte anlegg svarar til forventna planlegging. Kommunane som får realisert sine prosjekt forpliktar seg til å delta i evalueringsprosessen.

## Mål

Målet er å få fram eksempelanlegg av nyskapande karakter med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av anlegg for idrett og fysisk aktivitet lokalt, regionalt og nasjonalt. Det skal vere berekraftige anlegg som er nyskapande og inspirerende på tvers av aktivitetar og idrettar. Anlegga skal svare på lokale problemstillingar, men samstundes ha nasjonal relevans.

Prosjektet skal tilby møteplassar og kompetanseheving for deltakande kommunar og vidaregåande skular. Prosjektprosessen og -verktøya (t.d. verkstadar, kunnskapsgrunnlag og medverknad) skal ha overføringsverdi til andre kommunale og fylkeskommunale prosjekt, og påverke både politikk og innretting av statlege, fylkeskommunale og kommunale verkemiddel.

## Delmål

- Ferdigstille inntil 12 modellanlegg etter avslutta prosjektperiode
- Produsere forskningsbasert kunnskap om barn og unge sine aktivitetsvanar og anleggsbehov
- Auke kompetansen på anleggsutvikling i arkitektmiljø i Vestland fylke
- Endre nasjonal politikk og innretting av tilskotsordningar for anleggsutvikling

## Innsatsområde

Det er ulike innsatsområder i prosjektet. I 2020 starta fase 1 og pilotprosjekta i skular sine uteområde. Uteområde i skule vart vidareført som måltema også i fase 2 (2021). I 2022 starta fase 3 med målet nyskapande idretts- og aktivitetshallar. Frå våren 2023 går prosjektet inn i fase 4 og 5 som vil handle om punkt c; *Folkehelse og inkludering*. Prosjekta skal vere tufta på berekraft, kunnskap og medverknad og kan utbetre eksisterande tilbod, dekke uoppfylte behov eller skape åtferdsending i målgrupper.

- Fase 1: Attraktive skuleområde (nasjonal pilot)
- Fase 2: Attraktive skuleområde
- Fase 3: Nyskapande idretts-/aktivitetshallar
- Fase 4 og 5: Inkludering og sambruk

Dei som kan søke må vere i tidleg fase i eit anleggsutviklingsprosjekt. Det kan vere ulike typar anlegg, som t.d.:

- utandørs aktivitetsanlegg knytt til skule, idrettspark eller anna.
- innandørs aktivitets- eller idrettshall
- fleirbrukshus med kultur, samfunns- og aktivitetsfunksjonar

## Kompetanse

Prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg skal tilføre kompetanse knytt til anleggsutvikling både i kommunar, arkitektmiljø, organisasjonar gjennom årlege anleggskonferansar, dialogkonferansar, studieturar og fagsamlingar. Deltakande kommunar får også kompetanse i samarbeidet og oppfølging av VLFK, LoA, Tverga og andre FoU-miljø som bidreg inn i prosessane.

## Kommunikasjon

Kommunikasjonsseksjonen og team digital kulturformidling i VLFK har vore kople på sidan pilotfasen. VLFK vil gjennom prosjektet produsere eigne nyheitssaker som kommunane kan dele vidare i både eigne kanalar og til lokalaviser. Erfaring viser at bilete skapar merksemd, så prosessar og aktivitet bør dokumenterast gjennom bilete. Kjappe, levande bilete tekne med mobiltelefonar og meir proffe kvalitetsbilete kan spele ulike roller i prosjektet. Ved bruk av bilete og sitat er det viktig å ha gode rutinar for å sikre rettigheter til bruk og deling. Dette er kvar aktør ansvarleg for når det gjeld eigne delingar og publiseringar.

VLFK vil gjennom prosjektet produsere eigne nyheitssaker som kommunane kan dele vidare i både eigne kanalar og til lokalaviser. VLFK ynskjer at det som kjem ut av dette prosjektet skal ha nasjonal relevans, og då er kommunikasjonsarbeid viktig for å formidle resultatane. Dei mest nyskapande prosjekta skal inkluderast i godeidrettsanlegg.no, og erfaringar skal delast med andre kommunar og fylkeskommunar. I arbeidet med kommunikasjon og formidling vil vi bruke ressursar i kommunane, i dei lokale arbeidsgruppene og kompetanse på kommunikasjon og formidling i VLFK.

## Økonomi

Fase 1, 2 og 3 i prosjektet har fått tildelt fylkeskommunale midlar til arkitektkompetanse til prosess. Midlane vert direkte betalt til dei ulike firma som er kople på dei utvalde prosjekta. I tillegg til dei fylkeskommunale midlane fekk dei fire pilotprosjekta i fase 1 kvar sine 500.000 frå Agenda Vestlandet. Prosjekta i fase 2 og 3 får kvar sine 100.000 til detaljprosjektering frå Tverga.

Vidare finansiering av detaljprosjektering og bygging, må dei lokale prosjekta ta ansvar for. Fylkeskommunen bidreg med rådgjeving i høve anleggsutvikling.

Fase 4 og 5 blir gjennomført med same rammer; som ei søknadsbasert ordning med fylkeskommunale midlar til arkitektkompetanse som skal nyttast til medverknadsprosessar. Finansiering av vidare detaljprosjektering og bygging vil vere prosjekteigar sitt ansvar og kan løysast gjennom m.a. ulike tilskotsordningar og ekstern finansiering.

# Prosjektprosessen

## Kartlegging og medverknad

Startfasen er prosessen der prosjektet skil seg mest i høve korleis ein vanlegvis arbeider med anleggsutvikling. Ein set av lang tid og ressursar i startprosess for å identifisere kunnskap, problemstillingar og kjennskap både området og målgrupper. Ein skal snakke med innbyggjarar for å kartlegge brukargrupper, behov, ynskjer og trendar. Det skal vere breidde og inkludering i medverknadsprosessane. Eit godt kunnskapsgrunnlag, identifisering av reell problemstilling, medverknad og fagleg kreativitet kan resultere i anlegg som kanskje ingen har laga før.

*Tilfør kunnskap, vent med beslutningen!*  
Lokale og Anlægsfonden

## Kunnskap og trendar

Utviklingstrendar viser at samansettinga av befolkninga er i endring. Det er nye fritidsvanar, ulik deltaking i fritidsaktivitetar, kjønn- og aldersforskjellar, men også avgrensa ressursar i kommunane. I prosessen må det vere eit breitt lokalt engasjement frå ulike brukargrupper frå medverknadsprosessar der både lokale, frivillige og offentleg sektor er representert. Samla sett sikrar dette eit mangfald for brukarane, som kan velje aktivitet og fasilitet, og kontakten mellom ulike aktivitetar gir god synergi. Dette kan skape sosiale og berekraftige møteplassar. Slik vil ein kunne utbetre eksisterande tilbod, dekke uoppfylte behov og/eller skape åtferdsendring i befolkninga.

## Sentrale spørsmål

- **Kvifor?** Fulle behov, betre eksisterande forhold eller skape endring i aktivitet og bruk.
- **Kven bygger vi for?** Hovudbrukarar, tilbakevendande brukarar og/eller nye brukarar?
- **Korleis?** Fellesskap og sosial meirverdi, både for eigenorganisert og tilrettelagt aktivitet.
- **Kva?** Anlegg som er tilgjengeleg og forståeleg for nye brukarar og samtidig inspirerende og utfordrande for dei som er faste brukarar.



# Organisering

## Rolleavklaring

- VLFK er prosjekteigar og prosjektleiar frå fylkeskommunen har ansvar for å følge opp dei ulike delprosjekta i tett samarbeid med VLFK sine anleggrådgjevarar. I tillegg bidreg analysemiljøet med kunnskapsgrunnlag- og utvikling i samarbeid med HVL og Idrettsklynge Vest. Nokre av prosjekta finn stad på vidaregåande skular og såleis er OPG og eigedom i VLFK også involvert.
- Vestland idrettskrets bidreg med sin anleggsrådgjevar saman med idrettsråda og idrettslaga i dei ulike prosjekta.
- LoA bidreg med spisskompetanse ut frå behova og problemstillingane i dei ulike prosjekta.
- Tverga bidreg med kunnskap og erfaringar frå liknande prosjekt og til kunnskapsgrunnlaga i prosjekta.

## Styringsgruppe

Styringsgruppa består av representantar frå VLFK, Vestland idrettskrets, KS, LoA og Tverga. Styringsgruppa har møter 2-4 gonger per år. VLFK fungerer som sekretær og administrator, og tek i mot og behandlar søknadane. Styringsgruppa godkjenner utlysingar, og innstiller til avdelingsdirektøren på utvalsprosessane. Styret har også eit ansvar for oppfølging av økonomi og resultat.

## Lokal organisering

Det vert etablert lokale arbeidsgrupper for kvart delprosjekt. Arbeidsgruppa skal vere breitt samansett av lokale aktørar, og godt forankra politisk og administrativt. Andre interessentar vert kopla på ved behov.

# Årshjul 2020 – 2025

Februar	Inspirasjonskonferanse. Erfaringsdeling frå metode og prosess frå føregåande fase (fase 1 – 3)
15. mars	Utlysning til kommunane
15. mai	Søknadsfrist for kommunane. Ei gruppe av fagpersonar frå Vestland idrettskrets, VLFK, LoA, arkitektfirma og Agenda Vestland vurderer innkomne søknader og vel ut inntil åtte prosjekt som får delta vidare i prosessen
5. juni	Tilbakemelding om kva som er mer vidare
15. juni	Felles oppstartsmøte med fokus på fagkunnskap, problemstilling, medverknad og prosjektprosessen. Kommunane får tilgang til ulike metodar og verktøy som skal brukast vidare utviklingsfasen
Juni – september	Lokale prosessar - Etter oppstartsmøtet skal kommunane arbeide vidare med lokal forankring og prosess- og prosjektutvikling. Fokus er på brukarmedverknad, behovskartlegging og moglegheitsstudie. I denne perioden får kommunen/VGS tilbod om oppføring og rettleiing frå VLFK og LoA
1. oktober	Nytt utval. Innan 1. oktober skal kommunane presentere arbeidet dei har gjort så langt. Inntil fire kommunar får delta vidare og får tildelt prosjektmidlar til prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse)
Oktober - januar	Utvikling frå oktober – januar. Dei utvalde prosjekta deltek på ein utviklingssamling med fokus på erfaringsutveksling, prosjektutvikling og profesjonell rettleiing. Kommunane arbeider vidare med dette lokalt og ferdigstiller sine moglegheitsstudiar saman med arkitekt
Oktober - desember	Arkitektkonkurranse. Ferdig signert avtale rundt årsskifte
15. januar	Felles oppstartsmøte
Januar – juni/juli	Medverknadsprosess, kartlegging, skisser og leveranse. Samarbeid mellom lokalt prosjekt og arkitektkontor.
Etter VLFK sin prosjektperiode	Anlegget vert prosjektert ferdig lokalt, fullfinansiert og gjennomført